

Leselyst – ei gåve til barnet

Lesing er ei personleg oppleving, der drivkrafta kjem innanfrå og blir styrt av gode leseopplevingar. Som forelder kan du gjere mykje for å gje barnet ditt slike leseopplevingar. Om barnet kan lese eller ikkje, er det ingenting som erstattar ein armkrok åleine med deg som forelder. Det skapar ro og tryggleik, og gode minne som ofte varer livet ut.

Bruk biblioteket saman med barnet

Astøtte barnet sin motivasjon for lesing kan gjerast ved å gje bøker tilgjengelege for barnet. Barn er forskjellige og likar ulike bøker. Nokre likar eventyr, medan andre likar faktabøker. Nokre synest det er kjekt med teikneseriar, og andre likar fantastiske historier. La difor barnet vere med å velje ut kjekke bøker, og vis interesse for barnet si lesing. Gje bøker som gåver. Bruk biblioteket aktivt, og spør bibliotekaren om råd. Viss du som forelder har ei positiv halding til bøker og lesing, vil dette auke barnet si leseglede.

Barn treng nye ord

Kvar dag vert barnet ditt kjend med ord det ikkje forstår. I bøkene står det mange ord som vi ikkje brukar i kvardagen. Det

utviklar både fantasi og språk. Når du les høgt for barnet ditt, kan du stoppe opp ved nye eller rare ord og forklare kva dei betyr. Slik utvidar du barnet sitt ordforråd. Barn veks ikkje frå gleda av å bli lest høgt for sjølv dei kan lese sjølve.

Tips til å skape leseglede

- Bøkene må vera tilpassa barnet. Er barnet ikkje interessert i boka, finn ei anna bok.
- Snakk litt om boka før du tek til å lese. Kva trur barnet boka handlar om? Veit barnet noko om temaet frå før?
- Snakk med barnet om det du les, og fortel kva orda betyr. Slik kan barnet lære nye ord, og lære seg å tenke på kva som står i teksten.
- Følg teksten med fingeren og peik på bileta du snakkar om.
- Dersom familien har to språk, eller to dialektar: snakk om skilnaden på orda. Les bøker for barnet på begge språk.
- Bruk ein ettermiddag på biblioteket, gjerne saman med andre barn.

Reflekter saman

- Kva vil det seie at ei bok er tilpassa barnet?
- Mange barn likar å lese same boka fleire gonger. Kva kan vere grunnen til det?
- Kor lenge bør ein lese høgt for barnet?

Nettsider for foreldre om lesing:

www.fug.no

www.elevsiden.no

